

Statkraft skrinlegg planar i Jostedal

JOSTEDAL: Statkraft har skrinlagt planane om overføring av Vestsideelvene i Jostedal

Den venta økonomien i prosjektet er svekt dei siste åra og Statkraft trekkjer difor konsesjonssøknaden, skriv selskapet i ei pressemelding.

Betre utnytting

Statkraft hadde søkt om konsesjon for overføring av Vestsideelvene i Luster kommune til Tunsbergdalsmagasinet for utnytting i det eksisterende Leirdøla kraftverk. Det var samtundes søkt om konsesjon for heving av Tunsbergdalsdammen med fire meter.

Prosjektet ville ha betydd ein omlag 20 kilometer lang tunnel for overføring av totalt åtte elvar på vestsida av Jostedal, samt ei heving av Tunsbergdalsdammen. Pro-



SKRINLAGD: Statkraft skrinlegg planane om overføring av vestsideelvene i Jostedal. (Foto: Terje Eggum)

sjektet ville ha ført til produksjonsauke i Leirdøla kraftverk på om lag 130 GWh pr år.

Høge anleggskostnader kombinert med venta høge fall- og grunnerstatningar har svekt lønsemda i prosjektet.

Planlagd

Norges vassdrags- og elektrisitetsdirektorat (NVE) sitt pålegg om utbetring av Tunsbergdalsdammen var planlagd utført saman med

overføringa og heving av sjølve dammen. Statkraft vil no omgåande starta planlegginga for utbetring av den eksisterende dammen.

Statkraft held fast på konsesjonssøknaden for Vigdøla kraftverk, også i Jostedal. Vigdøla kraftverk vil få ein venta årsproduksjon på 50 GWh pr år.

Jan Egil Fimreite

jan.egil.fimreite@sognavis.no